



Sak: 26/8756
JournalpostID: 26/39858
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 31.08.2026

Saksframlegg

Drøfting - Typisk turiststad

Bakgrunn for saka:

Region Fjordane vart orientert tidlegare i år om søknaden frå Sunnfjord kommune om å utvide perioden der Skei har status som «typisk turiststad», frå dagens 10. juni–20. august til perioden 1. mai–30. september. Region Fjordane gav si fulle støtte.

Statsforvaltaren i Vestland har no avslått søknaden. Statsforvaltaren anerkjenner at det kjem mange tilreisande til Skei også før og etter dagens godkjende periode, men meiner dokumentasjonen ikkje er tilstrekkeleg til å slå fast at salet i hovudsak skjer til turistar i den utvida perioden.

I vurderinga legg Statsforvaltaren avgjerande vekt på omsetnadstala til utsalsstadene. Kriteriet om at salet «hovudsakleg» skal skje til turistar vert praktisert slik at minst 50 prosent av salet må kunne knytast til turistar. Statsforvaltaren legg samtidig til grunn at gjennomreisande ikkje automatisk kan reknast som turistar.

Saka aktualiserer dermed ei breiare problemstilling enn spørsmålet om turiststatus for Skei. Reiselivet og reisemønstra har endra seg vesentleg over tid, mellom anna gjennom lengre sesongar, auka bubilturisme og fleire individuelt reisande. For mange mindre tettstader på Vestlandet er det heller ikkje nødvendigvis eit tydeleg skilje mellom ein turistdestinasjon og eit trafikknutepunkt som dei tilreisande og gjennomreisande er ein viktig del av kundegrunnlaget for lokal handel og tenestetilbod.

Statsforvaltaren viser også til at fleire samanliknbare stader har godkjent turiststatus for lengre periodar, men peikar på at det ikkje er sikkert at desse ville fått tilsvarende godkjenning dersom dei vart vurderte etter slik kriteria vert praktiserte i dag. Avgjerda frå Statsforvaltaren kan ikkje klagast på. Dersom ein meiner at dagens regelverk og praktisering ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til utviklinga i reiselivet og situasjonen for mindre turist- og trafikknutepunkt, vil det difor vere naturleg å løfte problemstillinga politisk.

Vedlegg til saka er støtteskriv frå Region Fjordane og endeleg vedtak frå Statsforvaltar.

Til drøfting:

Rådet blir invitert til å drøfte om Region Fjordane bør ta initiativ overfor stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane og nasjonale styresmakter med sikte på å få vurdert regelverket for «typisk turiststad».

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Vedlegg:

31.08.2026	Støtteskriv- sunnfjord kommune- typisk turiststad Skei	1879714
31.08.2026	Vedtak frå Statsforvaltar- opningstider handel – typisk turiststad – Skei i Sunnfjord kommune	1879716